

## Lin Tove Thomassen

---

**Frå:** Postmottak Modalen  
**Emne:** VS: Angående: Svar på påstand om miljøkriminalitet

---

**Fra:** Laila Bjørge  
**Sendt:** onsdag 15. november 2023 14:06  
**Til:** 'Leif Tore Ekse' <[leiftoreekse@yahoo.no](mailto:leiftoreekse@yahoo.no)>  
**Emne:** SV: Angående: Svar på påstand om miljøkriminalitet

Hei  
Eg kjenner ikkje til at det er noko høve til å klaga på eit vedtak så lenge etter det er fatta. Om du er usamd i innhaldet i verneplanen er det ein diskusjon du eventuelt må ta med statsforvaltar i Vestland, som har det overordna ansvaret for verneområde.

Ein stølsvoll kan ha store biologiske verdiar og kan ikkje samanliknast med udyrka myr. Den vil kunna ha eit kulturpåverka plante- og dyreliv som er eit resultat av den drifta som har vore frå gammalt av. Mange av raudliste artane i landet vårt er knytt til kutlurlandskapet. Setervollar er soleis særst viktige å ta vare på, også i eit område som er verna på grunn av andre naturverdiar. Utbetring og skjøtsel av slike område ivaretek leveområde for plantar og dyr som er avhengig av denne naturtypen for å leva. I Modalen er det store utmarksområde med mellom anna udyrka myr, men stølsvollar er sjeldne og lite i varetake. Det at dei gamle grøftene ikkje har vore vedlikehalde har redusert artsmangfaldet på stølsvollen og grøfting har difor vore eit viktig tiltak for å restaurera dette. Likeeins vil beiting vera ein avgjerande faktor. Stølsvollen har og ein verdi som ramme rundt dei gamle stølshusa og fortel dermed ei historie om farne tider.

Modalen kommune er oppteken av å ta vare på naturverdiene i Modalen, men eg vonar at du ser at i denne saka er det vektlagt artsmangfald på stølsvollen som er den verdien ein prøver å ivareta med dette tiltaket.

MVh Laila Bjørge

---

**Fra:** Leif Tore Ekse <[leiftoreekse@yahoo.no](mailto:leiftoreekse@yahoo.no)>  
**Sendt:** onsdag 15. november 2023 13:32  
**Til:** Laila Bjørge <[laila.bjorge@alver.kommune.no](mailto:laila.bjorge@alver.kommune.no)>  
**Emne:** Angående: Svar på påstand om miljøkriminalitet

Takk for raskt svar. Eg er forundra over manglande kompetanse for kva konsekvensar drenering av myr har for naturen. Riktig tiltak her hadde vore og er å jekke bygningane opp slik at ein unngår vasskade på bygningar. Finnes det nokon måte for meg å klage inn tiltaket til høgare organ slik at vi får ei tilbakeføring av våtmarka før skaden blir permanent? Departementet?

Eg kan ikkje sjå at denne tillatinga er i tråd med formålet for landskapsvernområdet.

Helsing Leif T Xe

[Sendt fra Yahoo Mail på Android](#)